

**Møtereferat**

Dato: 22.11.2017

Emne:	<b>Møtereferat frå RMNF AU-21.11.2017</b>		
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær		
Forfall:	Ingen		Sak: 2016/34506-8
Møtetid:	08:30-11:10	Møtestad: Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset	

**Møteleiar: Kjell Håland****Referent: Merethe Helland Nordnæs****Agenda for møtet:**

1. Agenda for møtet den 06.12.2017
2. Oppretting av brukermedvirkningsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4.
3. Eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland.
4. Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga
5. Status, ankomst-skjerm ved tannhelseklinikkar i Hordaland
6. Ymse

**Sak 1. Agenda for møtet den 06.12.2017:**

Kl. 9:00 Orientering om forslag til budsjett 2018 v/ økonomiavdelinga

Kl. 9:30 Brannøvelse

Kl. 10:00 Sakshandsaming

Kl. 12:30 Julelunsj på Hotell Ørnen

**Sak 2. Oppretting av brukermedvirkningsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4:**

Saka vart handsama i møte den 23.10.2017. Saka vart då utsett til neste møte i RMNF den 06.12.2017. Ein vil då leggje fram saka på nytt, samt vise til direktør ved Bybanen Utbygging sin E-post, som bakgrunn. Det kjem der fram ein bestilling til RMNF om å opprette ein brukermedvirkningsgruppe/referansegruppe. Det vil bli lagt fram forslag til kandidatar til gruppa, frå ulike organisasjonar, på møtet den 06.12.2017. Gruppa skal vere bredt samansett.

**Sak 3. Eldre døve som blir tilsidesett i kommunar i Hordaland:**

Det er eit problem å skaffa teiknspråkkompetanse i den kommunale pleie- og omsorgstenesta i Bergen kommune, når det er behov for det. Saka vart handsama på RMNF sitt møte den 05.04.2017, etter å ha motteke eit skriv frå Tollak Hjelmervik, i Helseutvalet i Pensjonistforbundet i Hordaland. RMNF vurderte saka slik at dette var ei sak for dei kommunale råda. RMNF har den 09.11.2017 motteke ein førespurnad frå

fylkeseldrerådet. RMNF finn at teiknspråkkompetanse i den kommunale pleie- og omsorgstenesta er eit krav, men meiner fortsett at dette er ei sak for dei kommunale råda, og kan difor berre gje ein uttale i saka. Uttale vil bli gitt på møtet den 06.12.2017.

#### **Sak 4 Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga:**

Saka med forslag til nytt regelverk for TT-ordninga er sendt på høyring frå Samferdselsavdelinga til mellom anna RMNF. Høyringsfrist er sett til den 31.12.2017. Saka vilv erte handsama på møtet den 06.12.2017. RMNF tek sikte på å gje ein høyringsuttale.

#### **Sak 5. Status, ankomst-skjerm ved tannhelseklinikkar i Hordaland:**

Saka var oppe på møte i rådet den 23.10.2017. Leiar vil ta kontakt med fylkestannlegen for å få vite status i saka. Leiar vil orientere om status i saka på møtet den 06.12.2017.

#### **Sak 6. Ymse:**

Arbeidsutvalet jobba vidare med program for temadagen 2018. AU vil forsøke å ha eit ekstra AU-møte etter det ordinere møtet den 06.12.2017, for å arbeide vidare med programmet for temadag 2018.

Det vart bestemt å melde opp sak om blinde og svaksyntes utfordringar med kollektivtilbodet i Bergen og Hordaland, som ein orienteringssak. Norges Blindforbund avd. Hordaland har teke kontakt med mellom SKYSS i denne saka.